

**Fra:** Morten Askvik [Morten.Askvik@hyllestad.kommune.no]

**Til:** Noralv Distad [Noralv.Distad@sfj.no]; Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

**Kopi:** Dina Johanne Lefdal [dina.lefdal@sfj.no]

**Sendt:** 19.11.2018 15:12:47

**Emne:** Haster: Sak 18/7870-3 Gang- og sykkelveg langs fv. 607 Heggebø-Leirvik

**Vedlegg:** image001.jpg

Sak:

18/7870-3

Sakstittel:

Gang- og sykkelveg langs fv. 607 Heggebø - Leirvik i Hyllestad kommune

Ti: I fylkesutval for samferdsle v/Noralv Distad

Kopi: Fylkesdirektør for samferdsle Dina Lefdal

Hei.

Las nettopp innstillinga i sak 7870-3, Gang- og sykkelveg langs fv 607 Heggebø-Leirvik og er sterkt overraska over tilråding til vedtak. Prosjektet har lagt på prioriteringslista lenge, og behovet er vel dokumentert. Viser og til synfaringa som samferdsleutvalet var på i juni.

Prosjektet er eit ikkje-avslutta prosjekt som er sagt skal prioriterast.

I prioriteringane nasjonalt, i fylkeskommunen og lokalt er sikker trafikkavvikling for «mjuke trafikkantar» prioritert. Dei har ekstra behov og krav for sikker infrastruktur.

Når det no er foreslått å gå frå gang- og sykkelveg til utviding av vegskulder.

Ein slik utviding kan ikkje sjåast på som ei akseptabel løysing for innbyggjarane.

Viser særleg til at det er heilt naudsynt å gå langs vegen for å komme til butikk og andre sentrumslokaliteter i Leirvik.

Særs viktig er det at det er nødvendig å gå langs dette vegstykket for å komme til buss som går frå Leirvik til Dale/Førde.

Vegstykket er trong, uoversiktleg og har dårleg sikt. Særleg gjeld dette vinterstid men vegstykket har dårleg sikt heile året.

Reagerer særleg på at det er argumentert med at sidan deler av vegen elles har dårleg standard, så treng ein ikkje å ha god standard her. Det er eit dårleg argument for å vurdere behova for it for mjuke trafikkantar. Det er vesentleg skilnad på denne parsellen av vegen og resten av vegstrekninga på fv. 607. Denne strekninga har høgare del personar som er mjuke trafikkantar enn nokon anna del av vegstrekninga!

Eit moment som og fylkesutvalet bør ha på minne er at Hyllestad har ikkje vore prioritert på vegsamband i fylket.

Lite har vore gjort generelt. Det einaste tiltaket som har vore inne på prioriteringslista har det dette tiltaket. Skal det vere slik at dei som har lite skal få mindre?

Elles vil eg minne utvalet og direktøren på at i tilsvarande sak i Årdal vart innstillinga endra ved politisk behandling til fordel å gå for gang- og sykkelveg.

Alternativ 3. bør alle sjå på som uaktuelt. Det vil vere gjere strekninga vesentleg meir trafikkfarleg!

Til slutt vil eg på det sterkaste oppmode utvalet til å endre innstillinga til eit vedtak som seier at **alternativ 1.** skal gjennomførast.

Morten Askvik

Ordførar

Hyllestad Kommune

57789505

98885997

morten.askvik@hyllestad.kommune.no

hyllestad-logo-50mm

